



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	
	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	
	Ungdommen sitt kommunestyre	

Innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Handsaming i råda

Kommunedirektøren si tilråding:

Eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetting, Ungdommen sitt kommunestyre har følgjande innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv :

Samandrag

Luster kommune skal revidere planen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og ønskjer innspel til framtidige behov.

Den nye planen skal gjelde for dei neste 12 åra. Det skal også utarbeidast eit fireårig handlingsprogram som gjeld frå 2027.

Planen er mellom anna eit viktig grunnlag for tildeling av kommunale tilskot til kulturføremål og tildeling av statlege spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg.

Kommunen ønskjer innspel frå lag og organisasjonar som planlegg bygging, rehabilitering og drift av nye anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det er også ønskjeleg å få innspel frå råda i kommunen, medverknadsorgana.

Endringar i reglane for spelemidlar

Me gjer samtidig merksam på at det er gjort endringar i **“Forskrift om tilskudd til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping”**. Ei av endringane er at velforeiningar ikkje lenger kan søkje om spelemidlar.

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret gjer endeleg vedtak, råda gjev innspel til planen.

Fakta

Planen er utlagt på heimesida til kommunen. Lenke til høyringssaka: [Høyringar - Luster kommune](#)

Gjeldande plan, vedteken i kommunestyret i februar 2024 ligg som vedlegg til saka.

Råda vil få informasjon i møtet.